

DETALJREGULERING FOR DEL AV GNR. 8 BNR. 3 PÅ SESS-SETRA  
DAUGSTAD, VESTNES KOMMUNE

OPPSUMMERING AV OPPSTARTSFASEN

---

PROSESS:

2017.01.03. Brev til kommunen – Jørn Sætre søker kommunen om avklaring på om reguleringsarbeid for nytt hytteområde på Sess-setra kan settast i gang.

2017.02.07. Planutvalet behandlar førespurnaden, og gjorde slikt vedtak i sak 19/2017:  
*Planutvalet godkjenner i medhald av PBL § 12-8 at det kan settast i gang arbeid med privat regulerings/reguleringsendring med formål fritidsbustader ved Sess-setra.*

Vedtaket var samrøysta.

*I saksutgreiinga er det peika på at Med tanke på heilheitleg vurdering av arealbruken i seterområdet (Sess-setra), gjer adm.sjefen merksam på at innspel i den vidare prosessen kan medføre at planavgrensinga må endrast.*

2017.04.18. E-post frå Vestnes kommune med tilleggsopplysingar:  
*Ikkje vurdert nødvendig med KU.  
Ingen andre pålegg utover det som går fram av saksbehandlinga.  
Herunder vurdere utvida planområde (endringsområde) og eventuelt ta vekk/flytte eksisterande hyttepunkt.  
Må sjølvstilt tenke over konsekvensar for vassavrenning i området.*

2017.11.10. Kunngjering av planarbeidet i Vestnesavisa.  
Brev med oppstartsvarsel sendt til grunneigarar og naboar, og aktuelle høyringsinstansar.

2018.01.15.	Frist for innspel og merknader til planarbeidet. Det er mottatt innspel/merknad frå følgjande:
2017.22.12.	Statens vegvesen
2018.01.05.	Noregs vassdrags- og energidirektorat
2018.01.09.	Møre og Romsdal fylkeskommune
2018.01.15.	Karl Erik Sylthe
2018.01.16.	Fylkesmannen i Møre og Romsdal

---

## GJENNOMGANG AV INNSPELA:

### Statens vegvesen:

Ingen merknad.

### Noregs vassdrags- og energidirektorat:

Ingen konkrete merknader til det varsla planarbeidet. Brevet inneheld orientering og vegleing om korleis dei fagområda direktoratet har ansvaret for skal behandlast i planarbeidet.

*Kommentar: I planbeskrivelsen må dei aktuelle temaområda vurderast og kommenterast i samsvar med vegleiarane det blir vist til.*

### Møre og Romsdal fylkeskommune:

Planområdet blir vurdert til å ha lågt til middels potensiale for automatisk freda kulturminne. Det blir ikkje stilt krav om arkeologiske registreringar. Planfagleg blir kommunen bedt om å vurdere om «Hytteområde 1» i gjeldande plan bør regulerast tilbake til LNF-formål.

*Kommunen må uavhengig av eigarforhold vurdere kva omfang og utforming av framtidige fritidsbustader ein samla sett vil legge til rette for i kommunen.*

*Kommentar: Møre og Romsdal kommune har i sin merknad ikkje innvendingar til målsetjinga med planarbeidet eller omfanget av dette. Men kommunen blir bedt om å vurdere om andre område bør takast med i planen, evt. «avregulerast» som hytteområde.*

### Karl Erik Sylthe, medeigar i gnr. 8 bnr. 27:

Det blir gjort merksam på at bekken i sydkant av eignedomen er einaste drikkevasskjelde til eignedomen, og ber om at ny plan og eventuell hyttebygging ikkje fører til risiko for forureining av denne.

*Kommentar: Dette er like mykje ei anleggsteknisk utfordring som reguleringsmessig. Slik planen er utforma vil ikkje området bli påverka av utbygginga.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Viser til registrering av naturbeitemark kategorisert som viktig, og ber om at det ikkje blir planlagt inngrep som reduserer verdien av denne.

Ber om at hyttene blir gitt ei utforming og storleik i tråd med eksisterande byggeskikk i området.

Det må utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse.

*Kommentar: Slik kartet viser, blir det kanskje berre veg som vil komme innanfor det avmerka naturområdet. Storleiken av bygningar er innarbeida i reguleringsføresegnene.*

30.04.2019